



Årsmelding Oppland Nei til EU 2022

Årsmøtet 2022 var på Honne Hotell og TEAMS
Laurdag 12. Februar

Styret har i perioden består no av:

Leder: Borgny Sletten

Nestleder: Jørund Hassel

Kasserer: Magnhild Strand

Sekretær: Ottar Uglum

Styremedlem: Astrid Elisabeth Dobloug

Vara

1. Per Håvard Moe Nevland
2. Cristine Hammerlund
3. Dag Seierstad
4. Tor Sundheim
5. Åse Nordnes

Val av revisorar : Helge Galterud, Øyvind Åamot

Val av Valkomit  : Inga M Norderhus, Aud Hove fylkesstyret finn nr 3

Stortingsrepresentant Sigbj rn Gjelsvik (SP) var med p  nett etter det formelle  rsm tet. Han innleiar om synet hans p  dei h ge straumprisane, og korleis Nei til EU kan utfordre regjeringa p 



Oppland sin delegasjon p  Landsm te

Fylkesledermøter

Borgny deltek på desse møta.

Det vert orientert på styremøta frå desse møta.

Jubileum sentralt 24. og 25. September

Nokre reiste frå Oppland.

Landsmøte Fredag 11. november til søndag 13.

Landsmøte var på Gardermoen og delegasjon frå Oppland var:

Borgny Sletten, Lisa Dobloug, Einar Wiklund, Magnhild Strand, Magne Bekkelund og Kjell A. Madsen. Itillegg var Dag Seierstad på plass frå Rådet.

Det var eit vellukka landsmøte med fokus på straum, jernbane og taxi, handelsavtaler ,med meire.

Ny leiar vart Einar Frogner,Hedmark.

Medlemsutvikling

Oppland Nei til EU hadde pr.31.12.21 1125 betalande medlemmar,

og pr. 31.12.2022 1150 betalande medlemmar.

Organisasjonen

Oppland Nei til EU har følgjande lokallag med registrert aktivitet i 2022.

Gjøvik og Toten Nei til EU, leiar Einar Wiklund

Valdres Nei til EU, leiar Per Håvar Moe Nevland.

Sel og Heidal Nei til EU, leiar Åse Nordnes.

Lom er litt i gang att, med Gaute Helland som kontakt person

Lillehammer Nei til EU, leiar Jørund Hassel er litt nede no.

Nord-Fron har diverre ikkje hatt aktivitet hjå dei siste åra.

Aktivitet i lokallaga

Pandemi/Covid legg ikkje lenger same dempinga på aktiviteten. Vi ser no litt auka aktivitet, det var bla deltaking på Otta Martnan, fleire har hatt stand og fått kr 5000 i støtte frå fylkeslaget.

Det kjem lesarinnlegg frå lokallag, det er aktivitet på nettet osv, vi håpar det fortset slik.

Ungdom mot EU har fått kr 5000 i støtte, vi håpar dei får opp aktivitet.



Arbeid i perioden

I Pandemi/Covid tida har vi hausta erfaring med digitale møter. NTEU sentralt har hatt ein del Webseminar som kanskje også våre medlemmar deltek på. Men vi har ikkje hatt egne seminar i år. Det er i år 50 årsfeiring for NEI sigeren. Vi ønska å ha ei solid markering lokalt med gode innleiarar, kanskje underhalding og ønska særleg på å nå ungdom. Vi kom vi fram til at vi ønsker å spørje Lundteigen (SP) og Moxsnes (Rødt) om å vere innleiarar. Dei var diverre svært opptatt og vi lukkast ikkje med å få til dette møtet.

Vi har jobba aktivt med bla straumsaka/ACER rettsaka. Det var fleire medlemmar som var framfor Stortinget i stor straum demonstrasjon. Det viser seg diverre at media ikkje er så interessert. Det burde vere meir interesse for å dekke at vi går til sak mot regjeringa Vi brukar Facebooksida vår aktivt. Vi har bla oppmode til deltaking i straum-demonstrasjon i Oslo og å støtte ACER rettsaka økonomisk og melde seg inn i NTEU.

Borgny har vore med I resolusjonskomiteen I forkant av Landsmøte, og Jørund har vore I styret sentralt.

Vi har og fått inn ein frå vårt lag, Kjell Arne Brandstadmoen frå Ringebu I sentralstyret frå I 2022.

Heldigvis er ikkje EU medlemskap aktuelt no. Men vi må vere førebudde om JA sida bestemmer seg for å «trappe opp.» Difor er det er fortsatt viktig å komme fram i media og bli synlege. Det er også viktig å halde oppe organisasjonen.

Nei til EU Oppland

-styret-